



Radøy kommune v/Tore Rikstad
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2343 - 14/10035

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
16.09.2014

Byggesak Gbnr 48/1,2,6,9 og 10 Solend sørre - utskifting av vassleidning Liefjell - Manger - søknad om rammeløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.:

Deleget vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Solend**
Tiltakshavar : Radøy Kommune
Ansvarleg søker : Cowi as
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om rammeløyve og dispensasjon for utskifting av vassleidning frå Lifjellet til Manger. Radøy kommune skal skifte ut delar av overføringsleidningen frå høgdebasseng Lifjellet til Manger. Eksisterande vassleidning i grøft skal skiftast ut i ein lengde på 700 meter. Ny vassleidning i pel 0 til pel 200 skal leggjast i same trase som eksisterande leidning med en c/c avstand på minimum fire meter.

Grøftene går over dyrka mark og anleggsarbeida skal av den grunn være ferdig seinast mars 2015. Parallelt med vassleidningen skal det etablerast ein drensleidning som skal syte for at vasskummer vert drenert. Drensleidning skal ha utløp i bekke i pel 200.

Vidare er det planlagt borehol i fjell for inntrekking av leidning frå pel 700 til pel 1000. Boreholelet vil ha ein diameter på ca. 300mm og ein lengde på ca. 300 meter.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.08.2014.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF-område.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå annan styresmakt.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan for Radøy 2011-2023.

Det er søkt dispensasjon frå med slik grunngjeving:

Ny leidning skal i hovudsak leggjast i eller tett ved (avstand omlag 4 m) eksisterande leidningsgrøft. I tillegg vil det verta lagt leidning i nytt borehol. Dette vil ha ein lengde på omlag 300 m.

Leidningstrasen som er innteikna viser hovudvassleidningen frå høgdebassenget og ut til kundane.

Tiltaket er planlagt og godkjent gjennom Hovudplan for vassverket i Radøy kommune. Intensjonen med å fornya av anlegget er heving av tryggleiken og sikra god og trygg vassforsyning for framtida.

Når arbeidet er ferdig vil det ikkje vera andre synlege komponentar enn kummelokka. Dette på same vis som i dag.

Me kan difor ikkje sjå at planlagt tiltak på nokon måte vil føre til ulemper for ålmenta eller kringliggjande naboar.

Då fornyinga av anlegget må tilpassast eksisterande anlegg som til dømes høgdebasseng og leidningar som allereie ligg der frå før finnes det ikkje alternative trasear eller løysingar.

På bakgrunn av ovannemnde meiner me difor det ikkje er andre løysingar enn å gje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Heimelshavarfråsegn

Det ligg ikkje føre heimelshavarfråsegn i søknaden om rammeløyve. Det er opplyst i følgjebrev til nabovarsel at direkte råka grunneigarar vil verte kontakta av Radøy kommune for grunnnavtalar.

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket må det liggje føre heimelshavarfråsegn frå alle direkte råka grunneigarar.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 08.08.2014.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenge, og plassering i høve terrenge.

Visuelle kvalitatar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søker opplyst at:

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Dispensasjon

Det må her vurderast om kommuneplanen sine føresegner vert vesentleg tilsidesett, samt om fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Leidningstrasen som er innteikna viser hovudvassleidningen frå høgdebassenget og ut til kundane. Tiltaket er planlagt og godkjent gjennom Hovudplan for vassverket i Radøy kommune. Intensjonen med å fornya av anlegget er heving av tryggleiken og sikra god og trygg vassforsyning for framtida.

Kommunen vurderer dette som tiltak på bygd eigedom og ein dispensasjon vil ikkje gje prinsipiell verde. Tiltaket vil ikkje ha negativ innverknad på landbruksinteresser, natur eller friluftsliv, og vil ikkje koma i konflikt med allmenn ferdslle i området. Kommunen har særleg lagt vekt på at når arbeida er ferdige vil det ikkje vere andre synlege element enn kumlokka.

Når der gjeld at fordelane med å gje dispensasjon må vera større enn å ulempene må ein sjå på trongen for å fornya og heva tryggleiken rundt den kommunale vassforsyninga.

Etter ei samla og konkret vurdering med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing finn kommunen å kunne gje dispensasjon til å fråvika føremålet i kommuneplanen og gje dispensasjon for tiltaket som omsøkt.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 3.

Føretaket **Cowi as** org.nr. 979364857, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Cowi as** org.nr. 979364857, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering av vassleidning.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.08.14 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker fra denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve DISPENSASJON fra LNF-føremålet i kommuneplanen for utskifting av vassleidning.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak, rammeløyve, som omsøkt for utskifting av vassleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 3.
4. Arbeida kan ikkje setjast i gang før det ligg føre heimelshavarfråsegn frå alle direkte råka grunneigarar.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK L/S * FUNKSJON TILT.KL. ANSVARSOMRÅDE

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVARSMRÅDE
Cowi as org.nr. 979364857	S	SØK	3	Ansvareleg søker
Cowi as org.nr. 979364857	S	PRO	3	Prosjektering av vassleidning

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegns om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.5	Basisgebyr andre tiltakssaker	kr	16 800
Kode 9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealformål i plan	kr	<u>9 200</u>
		Totalsum kr	26 000

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/2343

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy kommune v/Tore Rikstad Radøyvegen 1690 5936 MANGER